



16 OKT 2003

MØTEBOK

KOPI

Arkivsaknr: 03/02284

Arkivnr. /H11/

Utval	Dato	Saknr	Handsamar	Løpenr
Plan- og utviklingsutvalet	14.10.03	0139/03	TS	006394/03

...

0139/03

PROSJEKT NÆRSJUKEHUS I FLORØ - FØREBELS STOPP I VIDARE DELTAKING.

% % %

...

Ein syner til styrehandsaminga for Helse Førde 08.10.03.

Bremanger plan-og utviklingsutval har drøfta situasjonen i møte den 14.10.03 og kjem med følgjande samrøystes uttale som samavarar med Flora formannskap si uttale i skriv til Helse Førde av 10.09.03:

1. Plan-og utviklingsutvalet i Bremanger beklagar sterkt at mandat og arbeid med prosjekt for etablering av nærsjukehus i Florø ikkje er respektert og reflektert i administrerande direktør sitt framlegg til styret i Helse Førde - sak 050/03 V.
2. Bremanger kommune oppmodar styret for Helse Førde, administrasjon og styre for Helse Vest til reelt å ta omsyn til dei framlegga eit fleirtal i styringsgruppa for etablering av nærsjukehus i Florø har føreslege:
 - a) Nærsjukehuset må innehalde ei drivverdig sengeavdeling talfesta til 20 - 25 senger, noko som krev utflytting av ei sentralsjukehusavdeling. Prosessen må difor samordnast med prosessen effektivisering av Førde Sentralsjukehus og utflytting av somatisk sengeavdeling.
 - b) Før styrehandsaming i Helse Førde må det konkretiserast kva spesialhelsetenester som kan leggst til nærsjukehuset.
 - c) Utgreiing og vedtak i Helse Førde om nærsjukehuset skal og leggst fram for Flora og Bremanger kommunar før oversending til Helse Vest og Helseministeren ut frå at dette er eit prosjekt med fire likeverdige partar.

Sign.

Kopi til:

3. Bremanger kommune slår fast at framlegget til vedtak på ingen måte stettar krava til Helseministeren eller Bremanger kommune sine føresetnader for deltaking i prosjektet . Bremanger kommune ber difor styret for Helse Førde og Helse Vest om å sjå til at vanlege spelereglar for prosjektarbeid vert følgde.

Bremanger kommune er ellers redd at det ikkje vert mogeleg å støtte Helseministeren sine krav til etablering av nærsjukehus og styrking av samarbeidet mellom 1. og 2. Linjetenesta.


Bremanger kommune registrerar at det ikkje i det heile vert teke omsyn til at det har vore eit prosjektarbeid igang som skulle vurdere innhald i Nærsjukehus i Florø. På denne bakgrunn er det ikkje tenleg å binde kostnadskrevjande ressursar i eit prosjektarbeid som likevel ikkje vert nytta i vurderinga av kva som kan vere eit fagleg og økonomisk realistisk prosjekt.

Korkje mandat eller innspel i prosjektarbeidsfasen vert teke på alvor.

I denne situasjonen er det etter kommuna si vurdering feil ressursbruk å prioritere deltaking i arbeidsgrupper og styringsgrppe for prosjekt for etablering av Nærsjukehus i Florø.

Inntil vidare kjem difor representantar oppnemnd av Bremanger kommune ikkje til å delta i arbeidet. Dersom handsaminga av saka i styret for Helse Vest eller vedtak av Helseminister tilseier at arbeidet vidare skal vere eit reelt bidrag til best mogeleg modell for eit Nærsjukehus i Florø, vil Bremanger kommune igjen kunne delta i arbeidet.

Svelgen 14. Oktober 2003


Einar Kjerpeseth
ordfører -


Tor-Kristian Gulhaugen
-rådmann -

Kopi:
Helseminister Dagfinn Høybråten
Helse Vest
Helse Førde
Flora kommune